




Esaias 55,13:

I staden for klunger  
skal de veksa  
syressar, og myrt i  
staden for nesler.

Det skal vera til ære  
for Herren.....



Nr. 2.

JULI

1992.



**Bönn-Takk**

**BE for**

kyrkjelyden i Paso at dei  
må stå faste når vanskar  
og prøvingar kjem.

**Takk for**

jordbruksarbeidaren me  
har fått kontrakt med.

## 2. KVARTAL: Flaum og regn, men mildt.

Ute i Stillehavet kan det byggja seg opp einskilde år eit verfenomen som vart kalla for "El Niño", "gutebarnet". Dette fordi det plar koma rundt julafta. Ingen kan visstnok forklara dette, men havet vert oppvarme nokre grader ekstra der borte, og oppstigande luftstraumar skaper ein fuktig og varm luftstrum over dei normale luftstraumane. Når denne varmlufta når Söramerika, möter dei kalde luftstraumar som kjem opp med Humboldtstraumen. Og så vert det regn.

Siste tiår har hatt fleire slike periodar. Verst i 1983 med hundreårsrekordar både når det gjeld flaum og nedbör.

I år fekk me flaumsorleg i april og mai. Det nådde nokså nær hundreårsrekorden, men ikkje fullt. I Paso gjekk elva over vegen i lang tid, og både folk og varer måtte fraktast over med båt. Tungvindt og dyrt. Problematisk og for skulen som skulle ha borna fram og tilbake til rett tid.

**Nyebilen har vore uvurderleg for oss.**

Den nye Toyotaen har gjort ein kjempejobb. Han kjem seg fram mest over alt. Med vinsjen har me taua opp andre bilar, og kome oss laus sjölve når bilen sjölv har köyrt seg fast.

15. mai skulle me ut med den gamle Chevroleten. Slepte delvis. Kom til eit stykke av vegen som var berre gjörme og vatn. Ein brasiliansk Toyota (bandeirante) stod fast midt uti. Fekk drege den laus, og kom gjennom med Toyotaen vår. Vinsja så Chevroleten fram gjennom gjörma og ut!

I slutten av kvartalet kom veret seg, og det vart sett i gang ei storvöle av vegane rundt Paso. Vegen over til kolonien vart bygd opp omlag ein meter, og det vart lagt röyr mange stader for elvevatnet å koma gjennom. Elles og vart det reparert, og vegen har vore mykje stengd for store bilar. Me har kome seint, men trygt fram med vår. Me takkar Gud for det.

**Koleraen har ikkje kome enno til Paraguay.**

Heile landet har hatt aksjonar for å förebyggja kolera. Me sette i gang med letriner for dei om ikkje hadde. Det har teke ein del av pengane våre, men no har me trappa ned på dette arbeidet.

Det er funne kolerabakteriar i elva Paraguay, men det er ikkje registrert sjuke her i landet. I andre söramerikanske land har indianarkoloniar vore utsette for sjukdomen. Det har vore vanskeleg å få bukt med han og i dei miljöa. Derfor vårt opplegg.

**Jordbrukskyndig tilsett frå første september.**

Amancio Media, oppfostra hjå ein av misjonen sine trufaste medarbeidarar, og utdanna delvis med hjelp frå Anna Strömsrud, har sagt at han ynskjer å gå inn i arbeidet i Paso Cadena. Han har arbeid ut august i eit anna prosjekt, og kjem til oss 1. september. Han skal ha som arbeidsområde all jordbruks- og hjelp til koloniane.



